

Gudsteneste med gjester frå India.

12.06.2018



Lina Håland gjestar barneheimen i Umred i India i 2016.

Gudstenesta i Uskedal kyrkje på sundag vert litt utanom det vanlege. Ekteparet Effi og Mary frå barneheimen Umred Children Home i India er gjester og vil delta i gudstenesta. Etterpå vert det middag med indisk mat i Helgheim. Det er påmelding for dei som ynskjer å vera med på denne markeringa.

I den tida Lina Håland har vore sokneprest i Uskedalen, har soknerådet hatt fleire innsamlingar til barneheimen i India, som ein del av det diakonale arbeid kyrkja skal gjera. Lina saman med foreldra har vore ansvarlege for innsamlinga og oppbygginga av barneheimen som opna i 2016. Lina Håland har ved fleire høve vore på plassen og sett framdrifta i arbeidet.

Effi og Mary driv barneheimen i dag. Heimen har plass til 50 born og har barnehage for 10 born. Arbeidet vidare er å få på plass arbeidstrening for ungdomar og unge voksne. På samlinga i Uskedalen vil ekteparet fortelja om arbeidet og kva konkrete tiltak som vert gjort i tida framover.

Alle er velkomne til gudsteneste sundag 17. juni kl. 11.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat